



Francis Billy Rath
Tjørnavegen 13
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4357 - 23/6051

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
23.01.2023

Svar på spørsmål om ferdigattest - gbnr 323/119 Frekhaug

Vi viser til din førespurnad datert 19.01.2023.

Når ansvarlege føretak har gått konkurs må det sendast inn nye erklæringar om ansvar frå nytt/nye føretak for dei arbeidsområda som føretaket hadde erklært ansvar for og som ikkje er ferdig utført. Det er også mogleg for heimelshavar å søkja om ansvarsrett som sjølvbyggjar for arbeid på eigen bustad.

Føretaket Byggmester Hagewick AS har erklært ansvar for rolla som ansvarleg søkjar, prosjekterande og utførande for tiltaket. Gjennomføringsplanen må oppdaterast. Grensesnittet mellom ansvaret til tidlegare og nytt føretak må gå tydeleg fram av nye erklæringar om ansvar og gjennomføringsplan.

Tiltaket må avsluttast med ferdigattest.

Relevante skjema finn du her: [Søknadsskjemaer for byggesak - Direktoratet for byggkvalitet \(dibk.no\)](#)

Skjema for gjennomføringsplan og søknad om ferdigattest finn du under fana for *eitt-trinnssøknad*. Skjema som gjeld ansvarsrett ligg på eiga fane om dette tema.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gjennomføringsplan.pdf

Mottakarar:
Francis Billy Rath

Tjørnavegen 13

5918 FREKHAUG